

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/156 - 14/466

Saksbehandlar:  
Kjell Langeland  
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:  
04.04.2014

## Kunngjering. Høyring planstrategi 2013 - 2017 Modalen kommune

I samsvar med plan- og bygningslova § 10-1 vert planstrategi for Modalen kommune lagt ut på høyring. Dokument er lagt ut på Kundetorg, Mo Handelslag Mo og filial Øvre Helland. Ligg også på heimesida til Modalen kommune.

### Høyringsfrist: 15.05.2014


Merknader til planstrategien kan sendast til:  
Modalen kommune  
Pb 44  
5729 Modalen

Eller: postmottak@modalen.kommune.no

LINDAS KOMMUNE	
Klassering	
- 8. 04. 2014	
Ark. avhent.	Leverert
Sekret.	Tilmeldingsnr.

Med helsing

Kjell Langeland  
konsulent  
Brevet er godkjent elektronisk og har difor ingen signatur



Høyringsinstansar planstrategi

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/156 - 14/465

Saksbehandlar:  
Kjell Langeland  
kjell.langeland@modalen.kommune.no

Dato:  
04.04.2014

## Melding om vedtak - Planstrategi for Modalen kommune

Vedlagt følgjer vedtak.

### Formannskapet - 12/2014

#### **FOR - vedtak:**

Modalen formannskap sender forslag til planstrategi for Modalen kommune 2013 – 2017 på høring og legg dokumentet ut til offentleg ettersyn etter plan og bygningslovens § 10 – 1.

Samrøystes


#### **Vedlegg:**

5124974\_Planstrategi\_modalen\_k\_V3

Med helsing

Kjell Langeland  
konsulent

# **PLANSTRATEGI FOR MODALEN KOMMUNE 2013-2017**



Illustrasjon/teikningar: Elevar frå Mo skule 2013.

# Innhold

<b>1</b>	<b>PLANSTRATEGI FOR MODALEN KOMMUNE.....</b>	<b>4</b>
1.1	Kommunal planstrategi .....	4
1.2	Plansystemet .....	5
<b>2</b>	<b>VURDERING AV PLANBEHOVET .....</b>	<b>6</b>
2.1	Folketal.....	7
2.2	Næringsutvikling og kompetansemiljø.....	9
2.3	Kultur, miljø og rekreasjon .....	10
2.4	Samfunnstryggleik og drift .....	11
2.5	Kommunale tenester.....	12
2.6	Folkehelse, oppvekst og omsorg .....	13
<b>3</b>	<b>OVERSIKT OVER PLANAR, OG PRIORITERING NESTE 4 ÅR.....</b>	<b>15</b>
3.1	Plantrong i Modalen kommune .....	15

# **1 PLANSTRATEGI FOR MODALEN KOMMUNE**

## **1.1 Kommunal planstrategi**

Jamfør plan- og bygningslova (pbl) skal kommunen utarbeide planstrategi ved inngangen til kvar ny valperiode. Den kommunale planstrategien er eit hjelpemiddel for det nye kommunestyret til å avklare kva planoppgåver kommunen skal prioritere i valperioden for å møte dei behov og utfordringar som kommunen har.


Planstrategien bør omfatte ei drøfting av kommunen sine strategiske val knytt til samfunnsutvikling, langsiktig arealbruk, miljøutfordringar, sektorane si verksemd og ei vurdering av kommunen sitt planbehov i valperioden.

Planstrategien gjev mogelegheiter for å ta strategiske val i ei ynskt retning, og til å gjere ei samla vurdering av planbehov.

## 1.2 Plansystemet

- Planstrategien skal omfatte alle dei ulike kommunale planane.
- Det overordna plannivået er kommuneplanen som omhandlar samfunnsutvikling og langsigte målsetjingar for kommunen.
- Kommuneplanen sin samfunnsdel legg føringer for arealplanar, for handlingsprogram og budsjett, samt for dei meir spesifikke planane for kommunen sine tenesteområde.


Den kommunale planstrategien sin plass plansystemet etter pbl er skissert i figuren nedanfor:



## 2 VURDERING AV PLANBEHOVET

I vurderinga av planbehovet i Modalen kommune har ein sett på følgjande tema:


- Folketal
- Næringsutvikling og kompetansemiljø
- Kultur, miljø og rekreasjon
- Samfunnstryggleik og drift
- Kommunale tenester
- Folkehelse, oppvekst og omsorg



## 2.1 Folketal

Modalen kommune er landet sin nest minste kommune, med eit folketal på 380 innbyggjarar per 1. jan 2013. Kommunen har hatt ein stabil folketalsvekst dei siste 10 åra. Samanlikna med andre småkommunar i regionen, har kommunen hatt ei meir positiv folketalsvekst.

Bustadmassen i kommune er dominert av einebustader (86%). Kommunen har tre tilrettelagde bustadfelt, med nokre få ledige tomter. Det har ikkje vore interesse frå private aktørar å fremje reguleringsplan for bustader.



### UTFORDRINGAR:

- Å auke folketalet i Modalen kommune
- Å få unge nytdanna til å etablere seg i Modalen
- Å vere ein attraktiv plass å bu for mange



PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Kriseplan	2013
Beredskapsplan	2013
Hovudplan for avløp	1997
Hovudplan for vassforsyning	1997
Kommuneplan; Samfunnsdel og arealdel + ROS	Under revidering

## 2.2 Næringsutvikling og kompetansemiljø

Kommunen har i dag store inntekter frå kraftproduksjon/vasskraft. I tillegg utgjer kompetansemiljøa for IKT i Modalen ein stor og viktig arbeidsplass for kommunen. Modalen kommune legg vekt på primærnæringa i sitt planarbeid, som i hovudsak er basert på landbruk med husdyrhald. Det ligg store ledige beiteareal i dalføret og i fjellet, og det er viktig for landbruksnæringa at desse ressursane vert nytta. Sekundærnæringa er spesielt fokus på i sommarsesongen, og viktig for tilreisande som besøker Modalen. Reiselivsatsinga er spesielt tufta på naturopplevelingar. I tillegg er det ei rekke einmannsføretak i Modalen kommune. Det finnast noko aktivitet innan sand- og grusdrift.

Modalen kommune har opplevd ein liten sysselsettingsoppgang i laupet av siste tiårs periode.

### UTFORDRING:

- Reiselivet er i hovudsak tufta på naturressursar, og vert derfor mindre allsidig
- Det er lite tverrfagleg samarbeid mellom bedriftene
- Sysselsettinga i landbruket går nedover
- Kommunen er sårbar for store endringar
- Utnytte naturressursane (td. Modalselva, marka, stølane) endå meir



PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Kommuneplan: Samfunns- og arealdel	Under revidering
Strategisk næringsplan	1998

## 2.3 Kultur, miljø og rekreasjon

Modalen kommune har ei rekke gode tilbod for både kultur, rekreasjon og fritid. Gode tur- og friluftsområde er ein styrke, og er med på auke attraktiviteten til Modalen kommune. I tillegg har ein Bryggjeslottet som ein god arena for både fritid og kultur. Møteplassar ute som ballbinge og opparbeida strand sentrumsnært er kvalitetar som mange set høgt. Fleire arrangement vert heldt i året, og er opplevingsrike både for innbyggjarar og tilreisande. Modalen er rik på elskjeler og frivillige organisasjonar, som er med på å skape aktivitet i bygda.

### UTFORDRING:

- Balansere bruk av naturverdiar og viktig næringsutvikling
- Halde liv i tilboda (frivillige organisasjonar, elskjeler)



PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Kulturminnevernplan	2000
Kommunedelplan for anlegg, og områder for idrett og friluftsliv	
Vassbruksplan for Modalsvassdraget	
Friluftsplan	
Kommuneplan; Samfunnsdel og arealdel + ROS	Under revidering
Klima- og energiplan	2010
Småkraftplan	2011
Kalkningsplan	

## 2.4 Samfunnstryggleik og drift

Modalen kommune har ein geografisk plassering i eit dalstrøk, mellom bratte fjell. Store delar av kommunen er dekka inn under NGU sine soner for skredfare og steinsprang. Modalsvassdraget er regulerert slik at der er mindre fare for flaum i elva. I tillegg er bustadfelta i hovudsag tilknytt det offentlege vassverket. Ingen fritidsbustader er knytt til det offentlege vassverket.

### UTFORDRINGAR:

- Utvikle gode bustad- og næringsområde som ikkje er rasutsette
- Sikre innbyggjarane trygge bustadområde, arbeidsplassar og tilkomstvegar
- Kommunikasjon (telefon/straum) er spesielt utsatt ved ras



PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Beredskapsplan	2013
Kriseplan	2013
Beredskapsplan for vassforsyning	2011
Hovudplan for avløp	1997
Hovudplan for vassforsyning	1997
Kommuneplan; Samfunnsdel og arealdel + ROS	Under revidering

## 2.5 Kommunale tenester

Modalen kommune kan trekke både fordelar og ulempar med å vere den nest minste kommunen i Noreg. Behovet i ein liten kommune vil vere noko annleis, enn i store kommunar, og utfordringa kan ofte vere å imøtekome nasjonale krav og pålegg. Å levere eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i kommunen er viktig for kommunen.

Modalen kommune er i gang med revidering av kommuneplan, både samfunns- og arealdel.

### UTFORDRINGAR:

- Å levere eit godt tenestetilbod til innbyggjarane i eit langsiktig heilheitsperspektiv
- Lite spisskompetanse og ressursar til å gjennomføre viktige samfunnsoppgåver
- Dei små fagmiljøa er sårbare

PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Kommuneplan: Samfunns- og arealdel	Under revidering
Økonomiplan	Årleg rullering

## 2.6 Folkehelse, oppvekst og omsorg

Modalen har ei god dekning innan helse- og omsorgstenesta, og kan gje alle innbyggjarane som treng det, eit godt tilbod. Modalen driv utleige av omsorgsplassar til nabokommunane Lindås og Vaksdal.

Kommunen har mange natur- og friluftsområde som ligg til rette for fysisk fostring og aktivitet. Små avstandar i sentrum gjer at ein enkelt kan kome seg til og frå utan bil.

Skuleområdet er konsentrert, og har både naturområde og leikeplass/ballbinge like ved. I tillegg får borna rimeleg skulemat. Mo skule har og elevar frå Vaksdal kommune.

### UTFORDRINGAR:

- Oppretthalde det gode tenestetilbodet



PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Kommuneplan: Samfunns- og arealdel	Under revidering
Økonomiplan	Årleg rullering
Kommunedelplan for anlegg, og områder for idrett og friluftsliv	
Folkehelseplan?	

## 2.7 Landbruk

Landbruket har stor verdi for sysselsetjing, kulturlandskapet og er avgjерande for busetnad i Modalen kommune. Dagens nasjonale landbrukspolitikk baserer seg i hovudsak på storskala produksjon og effektivisering. I Modalen set topografien rammer for bruksstrukturen, og det er mange små einingar i landbruket. Dei siste tiåra har det også i Modalen vore ei utvikling mot færre og større einingar, det vil seie at produksjonsmengda vert teken i vare, men sysselsetjinga i landbruket går ned.

Dårlege priser på tømmer og høge kostnader gjer at det også er mindre aktivitet i skogbruket grunna dårlig lønsemnd.

Redusert bruk av utmarksbeite og færre beitedyr i det heile gjer at utmarka og innmarksbeitene gror att. Ei slik endring av kulturlandskapet har konsekvensar for kommunen sin attraktivitet som reisemål.

Satsinga på landbruksbasert reiseliv har vore sterkt i Modalen og aktiviteten har auka. Eit anna satsingsområde som bidreg til betre høve for satsing på landbruket er satsinga på småkraftverk.

### UTFORDRINGAR

- Nutte landbruket som arena for næringslivssatsing. Gardsferie, gardsmat, opplevelingar etc.
- Hindre attgroing av kulturlandskapet stimulere til auka og meir variert hald av beitedyr
- Oppretthalde busetjing og fagmiljø

PLANVERKTØY FOR Å LØYSE UTFORDRINGANE	SIST HANDSAMA
Landbruksplan for Modalen og Vaksdal	2007
Økonomiplan	Årleg rullering
Kommuneplanen sin areal- og samfunnsdel	Under revidering

# 3

## OVERSIKT OVER PLANAR, OG PRIORITERING NESTE 4 ÅR

Planstrategien har ingen direkte rettsverknad i forhold til kommunen sine innbyggjarar, men gjev føringar for det vidare planarbeidet i kommunen. Gjennom vedtak av kommunal planstrategi kan kommunen til dømes ta stilling om det ligg føre reguleringsplanar som bør opphevast eller endrast i planperioden.

Nedanfor har ein lista opp dei kommunale planane for Modalen kommune i ein tabell. Tabellen syner kva planar det er trøng for den neste fireårsperioden å rullere, og kva ein ynskjer å prioritere.

### 3.1 Planbehov i Modalen kommune

For Modalen kommune er det kommuneplanen sin samfunns- og arealdel som har hovudfokus no. Kommuneplanen vert ferdigstilt våren 2014. I dette arbeidet kan det og kome nye innspel som kan syne ytterlegare kva planar kommunen har trøng for å revidere.

PLANDOKUMENT	SIST HANDSAMA	TID FOR NY RULLERING			
		2013	2014	2015	2016
<b>Kommuneplan</b>					
Samfunnsdel	2002	○			
Arealdel	2004	○			
Økonomiplan	2012	○	○	○	○
<b>Kommunedelplanar</b>					
Kommunedelplan for fritidsbusetnad	1994				
Kommunedelplan for massetak på Helland	2004				
Kommunedelplan for anlegg, og områder for idrett og friluftsliv	2004				
<b>Temaplanar</b>					
Strategisk næringsplan	1998			○	
Driftsplan for hjort og vilt	2011				
Kulturminnevernplan	2000				
Vassbruksplan for Modalsvassdraget					
Beredskapsplan	2013				
Hovudplan for avløp	1997				
Hovudplan for vassforsyning	1997				
Ressursforvaltningsplan for sand og grus	1994				
Temoplan for fritidsbusetnad i Modalen					
Anleggsplan for Modalen kommune					
Klima og energiplan	2010				
Kriseplan	2013				
Opplæringsplan	2013				

Smittevernplan					
Alkoholpolitisk handlingplan	2000				
Handlingplan for eldreomsorga	1998				
Strategiplan for kompetanse i grunnopplæringa	2005				
Plan for psykisk helsevern	2002				
Rehabiliteringsplan for Modalen	2002				
Landbruksplan	2007				
Småkraftplan	2011				

KJELDER:

- En analyse av boligmarkedet i Nordhordaland, NORUT, Rapport 2013: 2
- Planprogram for Kommuneplanen sin samfunnsdel- og arealdel for Modalen (2010)
- SSB: [www.ssb.no](http://www.ssb.no)
- Landbruksplan 2007-2014, Modalen- og Vaksdal kommune

HØYRINGSINSTANSAR .

KOMMUNAR:

VAKSDAL KOMMUNE, KONSUL JEBSENS GATE 16, 5722 DALEKVAM

LINDÅS KOMMUNE, KVERNHUSMYRANE 20, 5914 ISDALSTØ

MASFJORDEN KOMMUNE, 5981 MASFJORDNES

VIK KOMMUNE, 6891 VIK I SOGN

HØYANGER KOMMUNE, 6993 HØYANGER

SENTRALE/REGIONALE AKTØRAR:

FYLKESMANNEN I HORDALAND, POSTBOKS 7310, 5020 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, POSTBOKS 7900, 5020 BERGEN

FYLKESLANDBRUKSKONTORET I HORDALAND, KAIGATEN 9, 5020 BERGEN

NVE REGION VEST, POSTBIKS 53, 6800 FØRDE

FISKERIDIREKTORATET, POSTBOKS 185 SENTRUM, 5804 BERGEN

KYSTVERKET 2.DISTRIKT, POSTBOKS 466, 5510 HAUGESUND

NATURVERNFORBUNDET HORDALAND, POSTBOKS 1201 SENTRUM, 5811 BERGEN

BERGEN TURLAG, TVERRGATEN 4/6, 5017 BERGEN

HORDALAND FYLKESKOMMUNE, FYLKESKONSERVATOREN, AGNES MOWINKELSGATE 5, 5008  
BERGEN

SAMFERDSELSKONTORET I HORDALAND, POSTBOKS 7900 BERGEN

RIKSANTIKVAREN, DISTRIKTSKONTOR VEST, DREGGSALMENNIGEN 3, 5003 BERGEN

DIREKTORATET FOR NATURFORVALTING, TUNGASLETTA 2, 7047 TRONDHEIM

STATENS LANDBRUKSFORVALTING, STORTINGSGATEN 28, 0160 OSLO

DIREKTORATET FOR SAMFUNNSSIKKERHET OG BEREDSKAP, RAMBERGVEIEN 9, 3115 TØNSBERG

DEN NORSKE TURISTFORENING, YOUNGSTORGET 1, 0181 OSLO

NORGES NATURVERNFORBUND, GRENSEN 9B, 0159 OSLO

BKK, KOKSTADVEGEN 37, 5257 KOKSTAD

BERGEN OG OMLAND FRILUFTSRÅD, HELLEBAKKEN 45, 5039 BERGEN

LANDBRUKSKONTORET I MODALEN V/LAILA BJØRGE, 5729 MODALEN

ANDRE INSTANSAR:

STATENS VEGVESEN, REGION VEST, 6863 LEIKANGER

TELENOR SERVICESENTER FOR NETTUTBYGGING, PB 7150, 5020 BERGEN

STATNETT S7, HUSEBYBAKKEN 28 B, 0379 OSLO

LOKALE AKTØRAR:

MODALEN KRAFTLAG, 5729 MODALEN

ELDRERÅDET V/STEINAR NORDAAS, 5729 MODALEN

RÅDET FOR FUNKSJONSHEMMA V/GRETE BROOK, 5729 MODALEN

MODALEN IDETTSLAG, V/LIV ANNE AANESEN, 5729 MODALEN

MODALEN ELVEEIGARLAG V/TORBJØRN TROHAUG, 5729 MODALEN

REP. FOR BARN OG UNGE I MODALEN V/LIV ANNE AANESEN, 5729 MODALEN

MODALEN BONDELAG V/ANN JORUNN FARESTVEIT, 5729 MODALEN

AVINOR A/S, DRONNING EUFEMIASGATE 6, 0191 OSLO

BJØRGVIN BISPEDØME, POSTBOKS 1960, 5817 BERGEN

DIREKTORATET FOR MINERALFORVALTNING, PB. 3021 LADE, 7441 TRONDHEIM

FISKERIDIREKTORATET, POSTBOS 185 SENTRUM, 5804 BERGEN

FORSVARSBYGG, GREV WEDELS PLESS 5, 0151 OSLO

MATTILSYNET, DISTRIKTAKONTORET FOR BERGEN OG OMLAND, BONTELABO 8B, 5003 BERGEN

OLJEDIREKTORATET, PROF. OLAV HANSENSVEI 10, 4021 STAVANGER

HORDALAND POLITIDISTRIKT, POSTBOKS 285 SENTRUM, 5804 BERGEN